



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

# Marknadsføring og sal av produktpakker

**RUNDSKRIV:**

25/2011

**DATO:**

06.09.2011

**RUNDSKRIVET GJELD FOR:**

Bankar

Finansieringsforetak

Forsikringsselskap

**FINANSTILSYNET**

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Finansinstitusjonar sin rett til å tilby ei teneste på vilkår av at kunden samstundes skaffar seg ei anna teneste, er regulert i lova om finansieringsverksemd § 2-14 med tilhøyrande forskrift 1. juni 1990 nr. 429 om produktpakker mv. (produktpakkeforskrifta).

Formålet med forskrifta er å leggje forholda til rette for konkurranse mellom finansinstitusjonane. Forskrifta skal hindre at finansinstitusjonar med eit bredt produktspekter avgrensar konkurransen frå andre finansinstitusjonar ved å koble eigne kundar til ei totalpakke. I tillegg er det eit mål å gjere det enklare for kunden å orientere seg i marknaden.

Produktpakkeforskrifta forbyr to typar produktpakker. For det første kan ikkje ein finansinstitusjon tilby ei teneste på vilkår av at kunden samstundes skaffar seg ei anna teneste, jf. forskrifta § 2 første ledd. Den andre formen for ulovlege produktpakker er å gi ein kunde særleg gunstige vilkår dersom kunden kjøper fleire tenester.

Etter forskrifta § 2 andre ledd første punktum er det gjort unntak frå forbodet mot produktpakker i tilfelle der det ligg føre ei tilknytning mellom tenestene slik at ei teneste føreset samstundes bruk av ei anna teneste.

Det er vidare gjorde unntak frå forbodet i tilfelle der kunden får særleg gunstige vilkår dersom eit samla tilbod av fleire tenester kan bli grunngitt med kostnadsinnsparingar, jf. § 2 andre ledd andre punktum. Bakgrunnen for dette unntaket var at eventuelle kostnadsinnsparingar ved å produsere fleire tenester samstundes eller til same kunde, òg skulle kome kunden til gode. Eksemplet var skadeforsikring og kostnadsinnsparingar ved å gi ut polisar med fleire forsikringar. Dersom kunden får eit særleg gunstig vilkår på ei produktpakke, er ei slik produktpakke derfor lovleg om det samla tilbodet av tenester er grunngitt i kostnadsinnsparingar. Det må trekkjast ei grense mellom dei innsparingane som kvalifiserer for unntak og dei som ikkje gjer det. Finanstilsynet har lagt til grunn at det er opp til den enkelte finansinstitusjon å dokumentere kostnadsinnsparingar, og at hypotetiske framtidige kostnader, som for eksempel framtidige marknadsføringskostnader, ikkje kan bli godtekne som kostnadsinnsparingar i denne samanheng. Finanstilsynet legg dessutan til grunn at kostnadsinnsparingane må vere kvantifiserbare. Eksempel her er kostnadsinnsparingar i samband med oppfølging av kundar, mens høgare kundetilfredsheit er eksempel på ein ikkje-kvantifiserbar storleik.

Finanstilsynet føreset at det må vere ein rimeleg samanheng mellom dei kostnadsinnsparingane som kvalifiserer til unntak og dei gunstige vilkåra. Dersom dei dokumenterte kostnadsinnsparingane som er knytte til produktpakkesalet er ubetydelege, kan heller ikkje dei særlege gunstige vilkåra som blir gitt til kundane i form av rabattar eller liknande, vere av ein vesentleg storleik og dermed utgjere ein stor kostnad for institusjonen. Kostnadsinnsparingane som institusjonen oppnår ved å selje produktpakker, skal med andre ord i rimeleg grad kunne identifiserast i rabattar og liknande som blir gitt til kundane.

Produktpakker som i fellesskap blir tilbode av fleire selskap innanfor eit konsern, kan òg vere i strid med forbodet mot kryssubsidiering i lova om finansieringsverksemd, jf. § 2a-8 andre ledd, og føreseigna om teieplikt.

Finanstilsynet er i produktpakkeforskrifta § 2 tredje ledd gitt kompetanse til i tvilstilfelle å avgjere om eit vilkår er i strid med forskrifta.

Som kjent har Finanstilsynet vurdert eit heilkundekonsept som føresette at kunden, for å få ein rabatt på 0,30 prosentpoeng på renta på bustadlån, òg måtte kjøpe fonds- og forsikringsprodukt i same konsern. Finanstilsynet fann at eit heilkundekonsept som føreset kryssal av verdipapirfonds- og forsikringsprodukt frå ulike selskap i konsernet, er i strid med produktpakkeforskrifta. Den aktuelle banken har innretta seg etter Finanstilsynet si vurdering. Fleire av dei største bankane har òg enten meddelt at dei ikkje har produktpakker, eller at dei vil trekkje sine produktpakker frå marknaden.

Finanstilsynet vil be styra i institusjonane om å gå nøye gjennom produktpakker som dei tilbyr for å sjå til at eventuelle tilbod er i samsvar med lov og forskrift.

Dersom finansinstitusjonen ønskjer å gjere føresegna i forskrifta om kostnadsinnsparingar gjeldande, vil institusjonen bli bedt om å beskrive kva for kostnadsinnsparingar som følgjer av kombinasjonane av tenester i dei produktpakkene som dei tilbyr, og forholdet mellom kostnadsinnsparingane og dei gunstige vilkåra. For tilfelle der produktpakkene krev ein kombinasjon av tenester frå ulike selskap, vil finansinstitusjonen bli bedt om å beskrive kostnadsinnsparingane dei enkelte selskapa oppnår som følgje av denne kombinasjonen av tenester. Finansinstitusjonen må dessutan kunne dokumentere at produktpakka ikkje kjem i konflikt med forbodet mot kryssubsidiering i lova om finansieringsverksemd § 2a-8, eller føresegna om teieplikt.

Finanstilsynet vil leggje ein restriktiv praksis til grunn for handhevinga av regelverket.

Erik Lind Iversen

Kjell Arne Aasgaarden

**Kontaktpersonar:**

Seksjonssjef [Kjell Arne Aasgaarden](#), tlf. 22 93 99 22

Spesialrådgivar [Anders N. Kvam](#), tlf. 22 93 99 27

Seniorrådgivar [Kristin S. Kværnø](#), tlf. 22 93 97 53

